

## Referat FAU-MØTE 4, skuleåret 2021-22

Tysdag 11. januar.



### Sak 22 Godkjenning av referat og sakliste

FAU-leiar opnar for kommentarar og innspel på referat og saksliste.

**Vedtak:** Referat og saksliste godkjend.

### Sak 23 Samanslåing 5.trinn: «ståa» –og kva skjer vidare?

Samanslåing av dei tre klassene på 5 trinn er gjennomført og trinnet består no av to klasser. Alle dei tre opphavelege klassene vart delt opp, det vart gjort rokninger på desse og to nye klasser vart etablert.

Mange i foreldregruppa på 5.trinn opplever at både avgjersla om klassesamanslåing og den vidare prosessen skjedde svært raskt og utan at foreldra var informerte på ein skikkelig måte. Det førte til at foreldre ikkje fekk snakka godt med borna sine om den føreståande endringa og i det heile tatt vart eit rotete, uoversiktlige, og for nokre også vanskelig, prosess.

No når klassesamanslåinga først har skjedd og skulekvardagen med den nye klassestrukturen er i gang, har det for mange elevar gått greitt, medan det for andre har vore meir utfordrande. Foreldre på 5.trinn har inntrykk av at lærarane på trinnet er positivt innstilt til endringa som har funne stad og skaper ein god skulekvardag for elevane.

**Vedtak:** Foreldrekontakter og eventuelt andre frå foreldregruppa på 5. trinn forfattar eit skriv til skuleleiinga der ein gir eit tydelig signal om at prosessen i klassesamanslåinga på 5.trinn har vore svært dårlig når det gjeld informasjon og involvering av foreldre og elevar.

I skrivet vil ein påpeike at når inngripende tiltak som klassesamanslåing vert gjort, må foreldre vere godt informerte og elevane førebuast i god tid på. I skrivet vil ein også påpeike at prosessen vart opplevd som rotete og at det var vanskeleg å forholde seg til beskjeder og generell informasjonsflyt då det heile vegen kom forandringar, mellom anna når og korleis klassesamanslåing skulle skje.

### Sak 24 Økonomi

19. januar skal det vere møte i det kommunale FAU der mellom anna den økonomisk situasjonen står på sakslista. FAU-leiarane frå alle skulane i kommune møter saman med Åse Elisabeth Skjærseth og Signe Urtegård.

Det kommunale FAU ønsker ein gjennomgang og ei oversikt over den økonomisk situasjon for skulesektoren, og få ei grundigare avklaring på kva dette betyr det for skulane i kommunen.

**Vedtak:** FAU-leiar informerer om gjennomgangen av den økonomiske situasjonen på neste FAU. Tek kontakt med fungerande rektor etter møte i K-FAU for ei vidare avklaring på kva for konsekvensar den økonomiske situasjonen får for VBS.

FAU inviterer også rektor/fungerande rektor til neste FAU-møte.

## Sak 25 Planar for våren

### 17.mai:

Det er usikkert korleis årets 17.maifeiring blir, men ein komité har blitt trekt og desse treng og samlast til eit møte omgående.

**Vedtak:** FAU-leiar kallar komiteen inn til eit første møte i nær framtid, Charlotte Velle (foreldrekontakt 6A) gir eit vink til 6.klasse om at det kjem innkalling.

### Aktivitetsdag med fokus på trygg trafikk i samarbeid med politiet:

Det kom forslag om å kontakte og invitere politiet til samarbeid om ein aktivitetsdag, der mellom anna sjekk av syklar og generelt fokus på trafikk og trafikksikkertheit er på agendaen. Dette har vore gjort tidligare for nokre år tilbake sidan, med stor suksess.

**Vedtak:** FAU tenker vidare på dette til neste FAU- møte og diskuterer det vidare der.

## Sak 26 Eventuelt

### -Ipadar som blir dratt inn må hentast innen klokka 15.30. Ei utfordring, meiner fleire foreldre.

Det har komt inn reaksjonar frå foreldre på 7.trinn på ordninga med at foreldre må hente Ipadar som er dratt inn, før klokka 15.30 same dag.

Dette er ei ordning ein del foreldre er misfornøgde med, ettersom det er vanskelig å rekke heim frå jobb og rekke å hente iPaden før 15.30. Det er stilt spørsmål ved om ei anna ordning er mogleg.

Regelverket for Ipad-bruk i skulen er fastsatt og nokså regid, og gjeld for alle skulane i kommunen. I utgangspunktet vil nok denne reglen fortsette å gjelde, men det må samstundes vere mogleg å gå i dialog med lærarane og til dømes gjere avtale om at iPaden vert henta litt seinare same dag(kan den leggast i resepsjonen eller på SFO til dømes?), eller neste dag.

Innspelet frå FAU blir difor at foreldre må forsøke og gjere avtale med den aktuelle læraren og slik finne ei løysing.

**-Kantinesal.**

Mange elevar saknar kantina og FAU ønsker å stille spørsmål ved om det er mogeleg å opne opp for kantinedrift igjen, men med eit redusert tilbod. Kan det vere mogleg med sal av berre meieriprodukt? Er det mogleg at enkelte klassar, på skift, kan handle i kantina for å unngå blanding av kohortar? I tillegg til at det er eit stort sakn og ønske blant elevane, er kantina er moglegheit for 6.trinn til å tene pengar til neste års leirskule.

**Vedtak:** FAU bringer desse spørsmåla vidare til skuleleiinga.

**-Leirskule for årets 7.trinn.**

Det stillast spørsmål ved om det blir leirskule eller ikkje for årets 7.trinn. Signala som har blitt gitt angåande dette, har vore blanda og det trengt ei endelig avklaring på dette, snarast. i

**Vedtak:** FAU-leiar sender spørsmålet vidare til fungerande rektor.

**-Vår- og haustgruppe.**

Ettersom pandemien framleis har tak og innverknad på det sosiale livet i samfunnet, er det viktig at haust- og vårgruppene går som vanlig, for å oppretthalde noko av dei sosiale møteplassane mellom born og foreldre.

**Vedtak:** Foreldrekontaktene minner om og oppmøde til vårgruppe i klassane.

**Tusen takk til Charlotte Velle som ordna med kjempeflotte gåver til personalet ved VBS før jul!**

**Dette vart takk i mot med stor takk og det har kome mange positive tilbakemeldingar.**

Referent Merete H Roaldsnes